

Retningslinjer for følgjekort for personar med nedsett funksjonsevne for Vindafjord kommune:

Vedteke av Vindafjord kommunestyre 14.04.2026, sak 026/26.

1. Ordninga skal vera eit verkemiddel for auka deltaking og likestilling i lokalsamfunnet, ved at personar med funksjonsnedsetjing som har behov for det, får ha med seg ledsagar utan ekstra kostnader.

Ordninga med følgjekort omfattar personar med ei funksjonsnedsetjing som er venta å ha ei varigheit på minst 2 år.

Følgjekortet gjeld for tilgong til dei aktivitetane, bygningane, transportmidla m.m. som aksepterer ordninga. Symbol for følgjekort bør setjast opp på stader som aksepterer ordninga. Ordninga er landsdekkjande og kan nyttast i alle kommunar som har vedteke ordninga.

2. Med funksjonsnedsetjing blir det meint tap eller skade på ein kroppsdel eller i ei av kroppen sine funksjonar. Dette omfattar både fysiske, psykiske og kognitive funksjonar.
3. Ledsagar er den, eller dei, som bistår personen med funksjonsnedsetjing. Kven som er ledsagar kan variera frå gong til gong.

Følgjekortet gir vanlegvis rett til å ha med seg éin ledsagar, men dersom behova til personen som søker om følgjekort tilseier at det er nødvendig med to ledsagarar, kan dette bli innvilga. Dette skal spesifiserast på beviset.

4. Eit følgjekort er eit kort som blir utferda til personar med ei funksjonsnedsetjing som har søkt om ordninga og som fyller vilkåra for å få følgjekort. Følgjekortet kan vera digitalt eller eit fysisk kort.

På følgjekortet skal det gå fram kven som har fått innvilga følgjekort (inkludert bilete av personen - treng ikkje vere passfoto), gyldigheitsdato, kva kommune som har utferda beviset, og kor mange ledsagarar personen har rett til å ha med seg. Denne ordninga er gratis.

5. Det er ingen øvre eller nedre aldersgrense for å få følgjekort, dersom behovet er dokumentert. For barn under skulealder må det dokumenterast at barnet har eit større ledsagarbehov enn det som ville vore tilfelle dersom barnet ikkje hadde ei funksjonsnedsetjing, og at det derfor påløper ekstraavgifter samanlikna med

jamnaldrande som deltek på same type aktivitetar. Det betyr at det er barn med eit særleg omfattande assistansebehov som til vanleg vil kunna tildelast følgjekort heilt frå småbarnsalder.

Høg alder aleine er ikkje nok til å kvalifisera for ordninga. For alle aldersgrupper er det eit vilkår at det ligg føre ei varig funksjonsnedsetjing.

6. Personen med funksjonsnedsetjing søker kommunen på fastsett skjema om å få innvilga følgjekort.

Ved førstegongssøknad/behov vil kommunen innhenta uttale om søkeren sitt behov frå fastlege, spesialisthelseteneste, psykolog, offentlig godkjend helseinstitusjon eller kommunen si helse- og omsorgsteneste.

Ein må søkja om nytt følgjekort om ein flyttar til ein annan kommune. Det er kommunen ein er folkeregistrert i som har ansvar for å utferde følgjekortet.

Følgjekort gir ikkje fortrinn i høve til anna publikum.

Søknadsskjema for følgjekort skal vera lett synleg på kommunen sine nettsider.

7. Kommunen utferder følgjekort med varigheit inntil 5 år. Kommunen kan i enkelte tilfelle godta forenkla søknad ved fornying.
8. Kortet føl innehavaren. Misbruk av kortet kan føre til inndraging.
9. Vedtak om å innvilga eller avslådd søknad om følgjekort er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Eventuell klage blir sendt til kommunen.

Desse retningslinjene for Vindafjord kommune gjeld til det kjem nye føringar frå Bufdir.